

## Ventar 300 lam i april

06.04.2012



Bonde og dreng med 2 av dei 30 lamma som er født førebels

**Slakting av påskelammet er ein eldgamal jødisk tradisjon, men for Olav Hjetland Bringedal og hjelparane hans har ordet påskelam ein heilt annan meining. Lamminga kom nemleg igang for 3 dagar sidan og før april er omme reknar han med å ha fått 300 lam. Førebels har 30 kome til verda. Også langfredag 2012 vil bli fylt av jobb med å hjelpa nye ut. Rasen norsk kvit må gjerne ha litt bistand medan villsaua ikkje treng det.**

Olav har hatt 160 vinterfora søyer, dei fleste norsk kvit men også noko villsau.

Han likar nok ikkje at vi skriv det, men det er ikkje til å underslå at 26-åringen er den desidert største sauebonde i bygda og ein drivkraft både fagleg og organisatorisk.. No planleg han eit større sauefjøs, men det er ikkje temaet i dette påskeglimet frå Olav sitt fjøs på Dønhaug, Der held han til på opphavsgarden, som er nummer 122/1-

Det blir ikkje så mykje søvn i denne månaden, men sist natt har han hatt 3 timar på puta og klagar ikkje over det. Det er slikt ein sauebonde må verta van med. Dessutan har han god hjelp av dreng Kjell Harald Tungesvik og avløysar Gaute Moberg.

Men når lamminga pågår gjeld det å følge godt med, for det kjem nye lam når som helst døgnet rundt.

Ellers har Olav no sau på 5 stader og det er sjølvsagt ingen ideell situasjon. På 2 av stadane skjer uteforing av villsau.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Olav ventar 300 små i vår